

PUNKT TIL DRØFTING FOR EIN UTTALE I TILKNYTNING TIL HØYRINGSNOTATET:

Pkt. 8 NÆRMERE OM FORSLAGET

Pkt. 8.1 Om begrepet BPA

Begrepet "Brukarstyrt personlig assistanse" skal framleis som Helse- og omsorgsdepartementet meiner, nyttas. Begrepet er etterkvart innarbeid i helse- og omsorgssektoren på alle områder og sikrar også forståinga av at det er brukaren som er den styrande i gjennomføringa av tenesta.

Pkt. 8.2 Hva skal en sterkere rettighetsfesting innebære ?

Skal BPA- ordninga få ein egen lov eller ivaretek sosialtenestelova godt nok BPA-ordninga slik den er utforma i dag.

Etter sosialtenestelova slik den omhandlar BPA- ordninga i dag, gir den kommunane muligheiter til i stor grad å bruke skjønn ved organisere tenesteforvaltinga inkludert BPA.

Er dei lovmessige vilkåra oppfylte av søkaren til BPA, er kommunen pliktig til å yte bistand.

Er dette ei god nok sikring av rettigheitane til søkjaren.

Sosialtenestelova endrast slik at alle som fyller dei alminnelige vilkåra for å få praktisk bistand og opplæring, har eit omfattande behov for tenester, får rett til å krevje hele eller deler av denne tenesta organisert som BPA. Kommunen i samråd med brukaren fastset tenesteomfanget ut frå ei individuell behovsvurdering.

Pkt. 8.3 Må bistanden ha et visst omfang for å gi rett til BPA ?

Vi er einige at retten til å krevje BPA skal framleis være at brukaren har eit omfattande tenestebehov. For å få ein lik vurdering av brukarane og lik praksis så langt som mogleg mellom kommunane, bør retten til BPA leggjast til min. 20 timar og omfattande er definert ut frå dette.

Pkt. 8.4 Skal retten gjelde alle uavhengig av alder og diagnose ?

Vi meiner at det ikkje skal avgrensast kva for funksjonshemmingar og kva for eit omfang som skal gje rettigheiter til BPA. Det skal leggjast til grunn ei samla skjønnsmessig vurdering av behova for tenester.

Vi er einige med departementet at ordninga også framleis skal gjelde for kognitiv funksjonshemming som ikkje kan ivareta brukarstyringa sjølv, psykisk utviklingshemma og familiar med barn med nedsett funksjonsevne skal kunne få tenestene i form av BPA etter ei samla skjønnsmessig vurdering av behova for tenester.

Retten til å krevje BPA opphøyrer ved fylte 70 år, men dei som har fått tilrettelagt BPA før fylte 70 år, får behalde denne og etter fylde 70 år.

9. FORHOLD TIL ARBEIDSMILJØLOVEN M.M.

Pkt. 9.1 Skal kommunen eller brukeren vel arbeidsgjevermodell ?

Vi meiner at i utgangspunktet skal brukaren velje arbeidsgjevermodell. Brukaren vil kunne velje ein modell i samråd med kommunen, men at brukaren har denne retten og ikkje minst i høve undersøkinga som viser at brukarar som har fått velje arbeidsgjever modell sjølv, er dei mest nøgde. Men ein slik modell kan ved høve gje private aktørar moglegheiter til å kome inn på marknaden.

Pkt. 9.2 På hvilken måte skal brukerne få innflytelse ved ansettelse av personlige assistentar ?

Brukarane må uansett val av arbeidsgjevermodell ha ein avgjerande rolle på valet og tilsetjing av personlege assistentar. Ein reell rett til velje assistentar er avhengig av at brukaren får rett til å delta i intervju og drøftingar, sjølv om brukaren ikkje er arbeidsgjever. Det er av sær stor viktighet at det er eit godt tillitsforhold, gode relasjonar og forståing mellom brukar og assistentar.

11. FINANSIERINGSORDNINGER

Pkt. 11.4 Departementets vurderingar og forslag

Vi deler ikkje tilrådinga frå departementet at finansieringsmodellen med kommunal dekning av utgiftene til BPA-ordninga blir oppretthaldt.

Vi meiner att finansieringsordninga for BPA må gjennomførast som ei deling mellom staten og kommunen. I det som vi har sagt omkring endring av sosialtenesteloven om tak på min. 20 timer i veka for å gje rett til BPA, skal og vera taket for deling av finansieringa.

I denne ordninga dekker kommunen inntil 20 timer/veka, staten dekker utgiftene utover desse timane.

12. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSER

Pkt. 12.1 Kommunalt nivå

Når det gjeld avsnitt 3, meiner vi at den finansieringsmodellen med deling mellom stat og

kommune ikkje vil føre til ei auke av kommunens driftsutgifter, sjølv om omfanget av

tenester til den enkelte bruker aukar og likeins at det kan bli fleire brukarar som

kjem inn
under BPA-ordninga.